

Eksamen

12.11.2021

HES2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Helseservicefag

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderinga	Det blir lagt vekt på i kva grad kandidaten <ul style="list-style-type: none">• viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i samsvar med kompetansemåla i læreplanen.• knyter fagstoffet til yrket kandidaten oppgir.• grunngir og reflekterer over det som blir lagt fram: kva, korleis og kvifor. Karakteren blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.
Andre opplysningar	Eksamensrettleiing med kjenneteikn på kompetanse finn du her: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke till!

Situasjonsbeskriving

Du er tilsett i Helse-service AS i éi av desse stillingane:

- apotekteknikar
- tannhelsesekretær
- helsesekretær
- portør

Oppgi kva for eit av desse yrka du har valt.

Oppgåve 1

På arbeidsplassen er de opptatt av å ha gode hygienerutinar og smitteverntiltak.

- Kollegaen din Sara er nytilsett og har sin første dag på jobb hos dykk. Gjer greie for og grunngi dei konkrete hygienetiltaka de har for å førebygge smitte på arbeidsplassen.
- Sara ber deg forklare korleis ho kan førebygge smitte ved å bryte smittekjeda. Forklar og gi fleire ulike eksempel frå yrket ditt.

Oppgåve 2

Det er vår, og Sara fortel deg ein dag at ho føler seg slapp og trøytt, og at auga har blitt irriterte. Ho trur sjølv at ho har fått allergi.

- Gjer greie for kva som skjer i kroppen ved allergi.
- Fortel kva Sara sjølv kan gjere for å lette plagene, og gjer greie for vanlege reseptfrie legemiddel ved allergi.
- Ein dag på jobb opplever du og Sara at ein kunde/pasient plutselig får allergisk sjokk. Forklar og utdjup kva som skjer i kroppen under eit allergisk sjokk, og beskriv aktuelle førstehjelpstiltak.

Oppgave 3

Arbeidsplassen din skal utvidast, og de har ein diskusjon om utforminga av lokalet med tanke på ergonomi og helse.

- a) Forklar samanhengen mellom ergonomi og førebygging av helseplager.
- b) Kva for helseskadar kan det vere spesielt viktig å førebygge med ergonomi i ditt yrke? Gi eksempel, og grunngi svaret.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Det blir lagt vekt på i hvilken grad kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none">• viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i henhold til kompetansemålene i læreplanen.• knytter fagstoffet til yrket kandidaten oppgir.• begrunner og reflekterer over det som legges fram: hva, hvordan og hvorfor. <p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.</p>
Andre opplysninger	Eksamensveiledning med kjennetegn på kompetanse finner du på: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:	
<ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgaveinstruksen godt.• Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.• Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.• Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.	

Lykke till!

Situasjonsbeskrivelse

Du er ansatt i Helseservice AS i én av disse stillingene:

- apotektekniker
- tannhelsesekretær
- helsesekretær
- portør

Oppgi hvilket av disse yrkene du har valgt.

Oppgave 1

På arbeidsplassen er dere opptatt av å ha gode hygienerutiner og smitteverntiltak.

- a) Din kollega Sara er nyansatt og har sin første dag på jobb hos dere. Gjør rede for og begrunn de konkrete hygienetiltakene dere har for å forebygge smitte på arbeidsplassen.
- b) Sara ber deg forklare hvordan hun kan forebygge smitte ved å bryte smittekjeden. Forklar og gi flere ulike eksempler fra yrket ditt.

Oppgave 2

Det er vår, og Sara forteller deg en dag at hun føler seg slapp og trøtt, og at øynene har blitt irritert. Hun tror selv at hun har fått allergi.

- a) Gjør rede for hva som skjer i kroppen ved allergi.
- b) Fortell hva Sara selv kan gjøre for å lette plagene, og gjør rede for vanlige reseptfrie legemidler ved allergi.
- c) En dag på jobb opplever du og Sara at en kunde/pasient plutselig får allergisk sjokk. Forklar og utdyp hva som skjer i kroppen under et allergisk sjokk, og beskriv aktuelle førstehjelpstiltak.

Oppgave 3

Arbeidsplassen din skal utvides, og dere har en diskusjon om utformingen av lokalet med tanke på ergonomi og helse.

- a) Forklar sammenhengen mellom ergonomi og forebygging av helseplager.
- b) Hvilke helseskader kan det være spesielt viktig å forebygge med ergonomi i ditt yrke? Gi eksempler, og begrunn svaret.



www.vigoiks.no/eksamen